

# – Har fått redusert inntekta med 15.000

MØRE-NYTT 5/9-17

– Etter at dei borgarlege kom til makta har eg gått ned 15.000 kroner årleg i inntekt frå staten, fortel leiar i Ørsta Bondelag, Geir Hole.

Måndag hadde han besøk av stortingskandidat for Arbeidarpartiet, Fredric Holen Bjørdal. Han er i dag på sikker plass til nye fire år på Stortinget, men ivrar for at Ap skal få større oppslutnad enn det prognosane seier. Og når Bjørdal er på gardsbesøk på Vartdal, handlar det sjølvstøtt om landbrukspolitikk. Og Bjørdal rettar skytset mot Dalsfjordingen Jon Georg Dale (Frp) som Bjørdal meiner øydelegg for sunnmørsbønderne.

## Skrytebilde

– Eg ønskjer å nansere det skrytebildet av landbrukspolitikken som Dale reiser rundt i landet og presenterer, ei skryteliste som er meiningslaus i ein intellektuell debatt om landbruket.

Dale fortel at alt går så mykje betre i norsk landbruk med

han og Frp i regjering. Men det han gloymer å fortelje er at suksessen i landbruket skuldast først og fremst godt ver, gode avlingar og ein landbrukspolitikk denne regjeringa helst vil fjerne. Regjeringa har prøvd å fjerne ein etter ein dei ordningane som bidreg til landbruk i landet. Og gong etter gong har Stortinget sett ned foten og stoppa dette. Viss ein måler resultat i Stortinget mellom statsrådar, er Jon Georg Dale ein av regjeringa sine mest mislukka statsrådar, og det skal bønderne vere glade for. Dale får berre gjennomslag for litt i Stortinget, og det er takka vere støtte frå Venstre. I den grad det er suksess i norsk landbruk, er dette trass i, og ikkje på grunn av Frp og landbruksministeren, hevdar Bjørdal.

Han seier at Dale driv bevisst triksing av tal for at ting skal sjå «svært» ut.

– Skal ein sjå på landbrukspolitikken i heilskap, må ein sjå på rammevilkåra ein vil gi bønderne. Og dei er i dag elendige i kroner og øre, og politikken bidreg ikkje til å redusere lønnsgapet mellom landbruket og andre. Dei store får mest,

men i Noreg er det ei grense for kor mange som kan drive stort. Vi må ta vare på alle som driv landbruk. Det er dei som produserer traktordekk som tener mest på dagens landbrukspolitikk. Men ein kan ikkje berre ta frå dei små bruka og pøse inn i dei store, seier Bjørdal.

## Gris

Ap-mannen Geir Hole har drive gard sidan 1975. I dag driv Hole både med mjølkekyr og gris, og har ei mjølkekvote på 144 tonn. I tillegg leverer han kring tusen smågris i året. Hole seier han siste året hadde ein inntektsreduksjon på 15.000 kroner. Året før var reduksjonen i overføringane på fem-seks tusen.

– Svinekotelettane kostar det same som på 70-talet. Det som likevel bergar oss er at vi grisebønder er så effektive, seier Hole.

Styremedlem i Møre og Romsdal Bondelag, Odd Bjarne Bjørdal, fortel at Ørsta-landbruket har hatt åtte millionar kroner i inntektstap siste to åra fordi Ørsta-bønderne ikkje klarar å ta ut så mykje i marknaden grunna bruksstorleiken.

– Mykje av inntektsauken

vert i dag basert på at mykje av inntektsauken skal takast ut i marknaden, forklarar Bjørdal.

– Kor mykje meir får Ørsta-bønderne viss Ap kjem til makta, Fredric Holen Bjørdal?

## Kjæpphestar

– Bønderne gjekk glipp av i alle fall 150 millionar kroner i landbruksoppgjæret for 2017 fordi Venstre gjekk til Frp og ikkje til Ap. Men ein ting er kroner og øre, ein må snu utviklinga der dei store vert favorisert. Vi kan ikkje kaste på båten ein velfungerande landbrukspolitikk grunna Frp sine ideologiske og liberalistiske kjæpphestar. Vi skal bevare konsesjonsreglane og forenkla der det er mogleg, vi skal ta vare på marknadsordningane slik at bonden får tilnærma same pris året rundt, uansett kvar han bur. Og vi skal auke matproduksjonen. Då må vi satse på små og mellomstore bruk, seier Fredric Holen Bjørdal.

Ap kan kome til å gjere eit dårleg val, viss prognosane held seg oppe. Men Holen Bjørdal er optimist.

– Det er berre målinga på valdagen som gjeld for meg. Protestpartia er i medvind. Kanskje ein million veljarar sit på gjerdet og ikkje veit kva dei skal røyste. Desse må vi prøve nå.

ROY-ARNE FOLKESTAD  
roy-arne@morenytt.no



VARTDAL: Fredric Holen Bjørdal (Ap) fekk måndag prøve seg som gardbrukar hos Geir Hole, leiar i Ørsta Bondelag. Med som dreng var Odd Bjarne Bjørdal, han er partilaus og styremedlem i Møre og Romsdal Bondelag.